



Eldar Ståle Kråkenes
Furutoppvegen 69
6700 Måløy

Vår ref.:
26/7607 - 26/40175 / SIGS

Dykkar ref.:

Dato:
18.06.2026

Pålegg om fjerning av fysiske hinder innanfor offentleg vegområde.

Kinn kommune viser til tidlegare korrespondanse i saka vedrørende etablering av fysiske sperringar innanfor kommunalt veg- og trafikkaral samt til dykkar tilbakemelding i brev av 08.06.2026 og 11.06.2026.

Som tidlegare varsla, seinast i varsel av 05.06.2026, så er Kinn kommune av den oppfatning at dei aktuelle steinane er plassert innanfor offentleg vegområde med tilhøyrande trafikkareal, og at dei medfører innskrenkning av ferdsel, framkomst og nødvendig manøvrering på området. Dette skapar trafikkfarlege situasjonar og utgjer også en trussen mot beredskap.

Vedtak

Med heimel i veglova §§ 57 og 58 pålegg Kinn kommune eigarane av gbnr. 328/1–8 å fjerne steinar, sperringar, bommar og andre innretningar som utan løyve er plasserte innanfor eigedomsområdet til offentleg veg og tilhøyrande trafikkareal ved parkeringsplassen på Kråkenes. Sjå vedlagt bilete.

Frist for gjennomføring er sett til 01.07.2026.

Dersom pålegget ikkje er etterkomme innan fristen, vil kommunen syte for at innretningane vert fjerna for grunneigarane si rekning i samsvar med veglova § 58.

Grunngjeving for vedtaket.

Vedtaket er retta mot eigarane av gnr. 328 bnr. 1–8. Kommunen legg til grunn at desse i fellesskap står bak etablering og oppretthalding av dei aktuelle hindra. Det vert vist til felles korrespondanse frå Arne Kråkenes på vegne av grunneigarane der dei samla gjer gjeldande eigedomsrett til arealet og forsvarer dei etablerte sperringstiltaka.

Vi har vurdert dei opplysningane som er komt inn i saka samt til grunneigarane sitt svar på varsel av 11.06.2026. Kommunen merkar seg at grunneigarane hevdar eigedomsrett til det aktuelle arealet og bestrider i forlengelsen av det at kommunen har rettar knytte til området.

Kommunen legg til grunn at spørsmålet om privat eigedomsrett til arealet ikkje er avgjerande for vurderinga etter veglova §§ 57 og 58. Desse føresegnene knyter seg til eigedomsområdet til offentleg veg og det faktiske vegområdet, og ikkje til kven som

eventuelt har grunnbokshjemmel til arealet. Vi vil nedenfor gjere rede for korleis vi har vurdert det.

Det følger av veglova § 57 at det er forbod utan løyve frå vegstyresmakta å plassere steinar eller andre fysiske sperringar på «*eigedomsområdet til offentleg veg*».

Når det gjeld ordlyden på «*eigedomsområde til offentleg veg*» i veglova § 57 annet ledd så må det ikkje misforståes med at vegmyndigheita må ha formell eigedomsrett i orden for å nekte at det vert sett opp sperringar langs offentleg veg. Ordlyden beskriver berre den geografiske utstrekning av forbodet og ikkje eigedomsretten. Dette følger klart og tydeleg av lovkommentar til bestemmelsen.

Det aktuelle arealet ligg i direkte forlenging av den kommunale Kråkenesvegen og framstår som ein naturleg del av vegområdet, jf. veglova § 1. Kråkenesvegen endar i dette arealet, og det finst ikkje alternativ snuplass eller moglegheit for vidare gjennomkøyring. Kommunen har over lang tid lagt til grunn at arealet inngår som ein del av det kommunale veg- og trafikkarealet, og arealet har vore forvalta og drifta i samsvar med dette. Mellom anna vert arealet nytta og vedlikehalde av kommunen som del av den ordinære vinterdrifta av Kråkenesvegen, herunder brøyting og sikring av framkomst.

Arealet har ein særskild viktig trafikal funksjon ved at det gjer det mogleg for større køyretøy, servicekøyretøy, renovasjon og utrykkingskøyretøy å snu og manøvrere på ein trygg og forsvarleg måte. Utan tilgang til dette arealet ville den kommunale vegen i praksis mangle tilfredsstillande snu- og manøvreringsmoglegheiter. Dei etablerte sperringane reduserer det tilgjengelege manøvreringsarealet og kan skape utfordringar for mellom anna brannvesen, ambulanse, politi, renovasjon og andre nødvendige tenester. Dette kan medføre forseinkingar og redusert framkomst ved utrykking og tenesteutføring. Kommunen driftar og vedlikeheld arealet nettopp fordi det er nødvendig for trygg og forsvarleg bruk av vegen.

Formålet med denne saka er ikkje å ta stilling til privatrettslege eigedomsforhold mellom partane. Vedtaket gjeld den faktiske situasjonen på staden og behovet for å sikre forsvarleg framkomst og bruk av det veg- og trafikkarealet som i dag fungerer som offentleg ferdseis- og parkeringsområde.

Sjølv om grunneigarane meiner dei har eigedomsrett til arealet, gir ikkje eigedomsrett i seg sjølv adgang til å etablere fysiske sperringar som hindrar eller vanskeleggjer bruk av eit areal som fungerer som offentleg veg- eller trafikkareal og manøvrering inn og ut av slikt areal, ref. argumentasjonen over.

Kommunen kan heller ikkje sjå at grunneigarane har dokumentert noko offentleg løyve eller anna rettsgrunnlag for etablering av dei aktuelle hindra. Når slike tiltak påverkar ferdseis og framkomst på eit område som vert nytta som offentleg trafikkareal, må omsynet til allmenn ferdseis, trafikktryggleik og forsvarleg forvaltning av vegområdet tilleggst avgjerande vekt.

Kommunen vurderer at fjerning av sperringane er eit nødvendig og forholdsmessig tiltak for å sikre framkomst og trafikktryggleik. Kommunen kan ikkje sjå at mindre inngripande tiltak vil ivareta dei omsyna som ligg bak pålegget.

På bakgrunn av dette er det derfor gjort vedtak om fjerning av sperringar som er satt opp på «*eigedomsområde til offentleg veg*», jf. veglova § 57 og 58.

Manglande etterleving av pålegget.

Dersom pålegget ikkje vert etterkomme innan fristen, vil Kinn kommune gjennomføre nødvendige tiltak for å sikre lovleg og forsvarleg framkomst til området for grunneigar si

rekning herunder syte for fjerning av sperringane, jf. veglova § 58 og § 57.

Kommunen sitt kostnadskrav etter ei eventuell fjerning i kommunal regi utgjør eit tvangsgrunnlag for utlegg etter veglova § 59 som inneberer at kommunen kan ta direkte utlegg i den ansvarlege si lønn eller annan inntekt, formue eller fast eigedom utan å måtte gå vegen om forliksklage, jf. § 59, nr. 1.

Klagerett

Dette vedtaket kan klagast på etter reglane i forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagefristen er tre veker frå den dagen vedtaket er motteke. Klaga skal sendast til Kinn kommune.

Dersom kommunen ikkje finn grunn til å endre vedtaket, vert saka sendt til kommunen si klagenemnd (eller anna kommunalt klageorgan) for endeleg avgjerd.

Helsing

Frode Ellingsund
teknisk sjef

Sigmund Solheim
avdelingsleiar veg

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakar

Arne Ersan Kråkenes	Mettetalsfjellet 7	5302	Strusshamn
Arne Ivar Teige	Kråkenesvegen 37	6710	Raudeberg
Atle Kråkenes	Kråkenesvegen 69	6710	Raudeberg
Celene Kråkenes	Chr. H. Bloms Gate 39a	3717	Skien
Gunnar Nordbø	Kråkenesvegen 64	6710	Raudeberg
Gunnar Oddgeir Kråkenes	Søreidtræet 23	5251	Søreidgrend
Mete Misk Ersan Kråkenes	Kråkenesvegen 69	6710	Raudeberg
Torfinn Kråkenes	Kråkenesvegen 53	6710	Raudeberg
Vidar Kråkenes	Søreidtræet 25	5251	Søreidgrend